

Dokumentnummer

PLANPROGRAM

Kommunedelplan for akvakultur 2018-27

Arealdelen

08.09.2017



1.	FOKUSOMRÅDE	3
2.	FØRINGAR FOR PLANARBEIDET	3
	Samfunnssdelen for Fusa kommune	4
	Interkommunal næringsarealplan	5
	Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH)	5
	Regional kystsoneplan – Akvakultur	5
	Retningsliner for planarbeidet med akvakultur.....	6
3.	UTGREIINGSBEHOV.....	7
	Areal og transport.....	7
	Naturmangfold.....	7
	Temakart og plankart frå regional kystsoneplan	7
4.	INTERKOMMUNALT SAMARBEID	8
	Felles sjøområde	8
	Å finna løysingar i felleskap	8
	Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 – 27	8
5.	ORGANISERING OG PROSESS	9
	Prosjektorganisering.....	9
	Innspel til arealbruk	9
	Framdrift og samarbeid	10
6.	FRAMDRIFTSPLAN	11

1. FOKUSOMRÅDE

Det skal utarbeidast ein kommunedelplan for akvakultur i Fusa kommune. Planen skal bestå av eit plankart, føresegner og ein tekstdel, og skal erstatta akvakultur i kommuneplanens arealdel. For alle kommuneplanar skal det utarbeia eit planprogram i tråd med pbl. § 4-1.

Planarbeidet har følgjande fokusområde:

- Storleik på akvakulturområde kring eksisterande lokalitetar
- Gjennomgang av om eksisterande akvakulturlokalitetar er eigna
- Mogelege nye akvakulturområde
- Fortøyinger og ankerfeste til oppdrettsanlegg
- Akvakulturområde som tangerer område avsett til fiske
- Fortøyinger frå oppdrettsanlegg som ligg i nabokommunar
- Interkommualt samarbeid – felles sjøområde
- Innspel knytt til akvakultur (landbasert, parkeringsplassar osv)
- Sjøområde for anna produksjon (td. tare, sjøpølse og anna)

2. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

Kommunedelplanen skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa for akvakultur med tilhøyrande næringsareal på land og i sjø. Arealdelen fastset framtidig arealbruk for område i sjø og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Overordna:

(Aktive lenker)

- [Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger \(høringsforslag 2017\)](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging \(12.06.2015\)](#)
- [Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland \(HNH- 2017\)](#)
- [Interkommunal næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger](#)
- [Samfunnssdelen for Fusa kommune 2011 - 2023](#)
- [Arealdelen til kommuneplanen 2015 – 2027](#)

Ein skal i all planlegging ta omsyn til klima, barn og unge, universell utforming, folkehelse, risiko og sårbarheit/samfunnstryggleik og estetikk, naturmangfold og kulturminnevern.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, utgitt av kommunal- og moderniseringsdepartementet og vedteken ved kongeleg resolusjon 12.06.2015, skal leggjast til grunn i planleggingsarbeidet og det er venta at kommunen støttar opp under regjeringa sine forventningar gjennom kommunal planlegging:

• **Fremtidsretta næringsutvikling, innovasjon og kompetanse**

Det er forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet må vurderast i eit regionalt perspektiv.

Samfunnsdelen for Fusa kommune

I Samfunnsdelen til Fusa kommune 2011 – 2023 er det vedteke tre hovudsatsingsområde:

1. Berekraftige lokalsamfunn
2. Treffsikre kommunale tenester
3. Samhandling og samarbeid

Innanfor satsingsområdet "berekrftige lokalsamfunn" skal hovudfokus vera på Fusa som naturkommune, bukommune og arbeidskommune.

SLIK VIL VI HA DET – SATSINGSOMRÅDE OG HOVUDMÅL 2011-2023

1A. Naturkommunen Fusa – på lag med naturen:

Fusa kommune skal forvalta naturressursar og areal på ein slik måte at vi tek omsyn både til naturen si toleevne og til innbyggjarane og deira behov.

1B. Bukommunen Fusa – trivsel for alle:

Vi skal leggja til rette for aktiv fritid, rikt kulturliv, sosiale møteplassar, attraktive bumiljø, gode kommunikasjonar, sterkt sentrum og levande bygder.

1C. Arbeidskommunen Fusa – rikt og variert næringsliv:

Vi skal oppretthalda eit rikt og variert næringsliv i Fusa, styrkja dei eksisterande arbeidsplassane, og utvikla nye næringar.

2. Treffsikre kommunale tenester – gode kår i alle år:

Vi skal syta for at innbyggjarane i Fusa opplever **Fellesskap**, **Utvikling**, **Samspel** og **Aktivt liv** med god helse, tryggleik og trivsel.

3. Samhandling og samarbeid – lag spel gjev gode resultat:

Fusa kommune skal vera ein positiv medspelar som samarbeider med innbyggjarane, frivillig sektor, næringslivet, andre kommunar og andre offentlege instansar for å sikra ei god utvikling av fusasamfunnet.

Etter pbl. §§ 11-2 og 11-3 er samfunnsdelen av kommuneplanen grunnlag for sektoren sine planar og verksemd i kommunen.

Samfunnsdelen slår fast at vi skal planleggja areal til næringsliv både på land og sjø(havbruk), og at vi skal ha ei livskraftig og berekrftig havbruksnæring i Fusa. Akvakultur er ei stor næring i Fusa kommune, og kommunen vil tilretteleggja for akvakultur på land og i sjø.

I arbeidet med arealdelen til kommuneplanen definerte Fusa kommune retningslinjer for handsaming av nytt næringsaral:

- Næringer som krev mykje transport, bør liggja langs hovudvegar eller ved sjø, medan detaljhandel i hovudsak bør etablerast i tilknyting til kommunesenter eller lokalsenter. Nytt næringsareal må leggjast slik at stegvis utviding vert mogeleg.

Interkommunal næringsarealplan

Føremålet med [Interkommunal næringsarealplan for Fusa, Os og Samnanger](#) er å leggja til rette for samarbeid om ei betre arealutnytting mellom kommunane. I fellesskap ønskjer vi å finne best lokalisering av ulike type arbeidsplassar i Bjørnefjordregionen. Vi ønskjer vekst i næringslivet og meir næringsareal tilgjengeleg i kommunane. Planen fokuserer på areal som ligg på land.

Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland (HNH)

[Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland \(HNH- 2017\)](#) er forankra i [Regional næringsplan for Hordaland 2013 - 17](#). Handlingsprogrammet for 2016 fokuserte mellom anna på marin sektor: stimulere til ein berekraftig marin sektor i heile verdikjeda, sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling, og samarbeid om marin næringsutvikling på Vestlandet. Innsatsområder i marin sektor for 2017 er mellom anna:

- Stimulera til utvikling av blå bioøkonomi og berekraftig marin sektor i hele verdikjeda.
- Sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling.
- Samarbeid om marin næringsutvikling på Vestlandet.

Regional kystsoneplan – Akvakultur

[Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger](#) tek for seg den samla forvaltinga i regi av Hordaland fylkeskommune. Her vert det gjort greie for generelle utfordringar i akvakulturnæringa. Det er utarbeidd ein [akvakulturanalyse](#) som grunnlag for planarbeidet. Målet med den regionale planen er å gje kommunane gode verktøy i forvaltinga, og gje gode overordna retningsliner for å samordna forvaltinga i regionen. Regionale planføresegner skal implementerast i kommunale planar, og strukturen skal gjerast synleg i plankartet.

Plantema i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger:

- Berekraftig kystsoneplanlegging
- Strandsona
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring

Næringa treng gode produksjonsareal i sjø for å driva berekraftig. Dette kan innebera at det vert sett av større samanhengande område enn tidlegare, der anlegga kan flyttast etter behov, utan søknad om dispensasjon frå kommuneplanen. Dette kan gje både miljøgevinst i sjø og effektivitet i produksjonen. Lokalisering av akvakulturområde i planområdet skal strukturera slik at næringa vert sikra gode og eigna produksjonsområde, samstundes som det vert tatt høgde for neverande og framtidige sjukdomsutfordringar.

Fusa kommune har 26 akvakulturkonsesjonar (www.fiskeridir.no). Utviklinga i næringa er stor, og det kan verta meir behov for ulike typar areal på land. Det skal leggjast opp til eit samarbeid med næringa om arealbehov, og det vert krav om synleggjering av total arealbruk (vassøyle og botn, forankring) ved akvakulturlokalitetar.

Retningslinjer for planarbeidet med akvakultur

I høyringsforslaget til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er det føreslede følgjande retningslinjer for akvakultur:

- **Kunnskapsgrunnlag og analyse**

Kommunane må gjere ei heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde. Eksisterande område skal vurderast i høve til aktivitet og trøng for endring.

- **Medverknad**

Kommunane skal særleg prioritera medverknad frå aktive næringsaktørar og organisasjonar innan akvakultur og fylkeskommunen som sektororgan.

- **Arealplanlegging**

Areal til akvakultur skal sikrast i planar og avklarast opp mot andre arealinteresser.

- Akvakulturlokalitetar skal i hovudsak avsetjast som einbruksområde for akvakultur.

Områda skal vera romslege nok til å sikre god fleksibilitet. Fortøyningar kan også synast som omsynssone eller vere i eit fleirbruksområde.

- Vurderingar knytt til vertikalnivå og oppdrettsart skal gjerast som del av planlegginga.

- For å sikre ferdsel mellom kystlinja og akvakulturanlegg, skal som hovudregel oppdrettsanlegget på sjøoverflata ligge minimum 100 meter frå kystlinja. Fortøyningar kan plasserast nærmare land, men skal ikkje hindre ferdsel eller fiske.

- Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje nær badeplassar, eller tett opp til bustad- eller fritidsbustadområde. Det skal takast omsyn til lokalt friluftsliv.

- Lokalisering av nye akvakulturanlegg bør ikkje skje tett opp til anadrome vassdrag.

- Innafor omsynssonene for regionalt viktige område skal det leggast vekt på god estetikk og dempa utforming av akvakulturanlegg. Ved vidare utvikling av eksisterande anlegg skal det visast varsemd i høve til verdiane i området. Dersom ein lokalitet vert flytta eller lagt ned, bør akvakulturføremålet vurderast fjerna ved revisjon av kommuneplan.

- Førevar-prinsippet skal leggast til grunn for eksisterande akvakulturlokalitetar innanfor område som er føreslede som marint verneområde. Ved vidare utvikling av eksisterande anlegg skal det visast varsemd i høve til verdiane i området.

Desse retningslinjene (når dei er vedtekne i Fylkestinget) vil vera førande for arealbruken i regionen, og eit godt utgangspunkt for konkret planlegging av akvakulturområde. Fusa og Tysnes er omfatta av planen, medan Os og Samnanger ligg utanfor.

I arbeidet med arealdelen av kommuneplanen til Fusa kommune i 2015 vart det gjort vedtak om at ein ikkje skal leggja ut fleire område til akvakultur i Henangervatnet og i Skogseidvatnet på grunn av store frilufts- og naturkvalitetar.

3. UTGREIINGSBEHOV

Areal og transport

Det er forventa vesentleg vekst rundt Bjørnefjorden i framtida, og konsekvensane av auka bruk av fjordbassenget innafor ulike område må vurderast. Ny teknologi (til dømes lukka einingar) kan krevje meir skjerma område for etablering enn slik det vert praktisert i dag. Det kan og være aktuelt med større behov for tilkomst frå land i høve til ilandsføring av fôrspill, tilgang til ferskvann(sjukdomsførebyggjande) og straum etc.

Auke i folkevekst for heile Bjørnefjordsregionen vil òg gje auka rekreasjonell bruk både i sjø og på landsida. Det er viktig å finna ein balanse mellom bruk og vern.

- Det skal utgreiast for sjøtilkomst og sjønære areal på land for akvakulturnæringa, og dette skal sjåast opp i mot andre aktivitetar og næringar med tilsvarende behov.
- Det skal utgreiast for bruk av sjølve sjøareala med sjøtransport og rekreasjon m.m. no og i framtida.

Naturmangfald

Bjørnefjordbassenget er eit økosystem og nye tiltak bør vurderast etter sumverknader og samla belastning i samsvar med naturmangfaldlova §10.

- Eit tilfredstillande kunnskapsgrunnlag for økosistema i Bjørnefjorden skal skaffast fram og leggjast til grunn i planarbeidet for å sikra ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa og forsvarleg forvalting av økosystemet.

Temakart og plankart frå regional kystsoneplan

Kommunedelplan for akvakultur gjeld sjødelen av arealdelen til kommuneplanen, og ikkje areal opp på land. Det er likevel naudsynt å sjå sambandet mellom arealbruk i sjø og behovet for areal på landsida knytt til slik arealbruk. Utgreiingar som omhandlar landareal og sjøtilkomst (td. parkering og behov for/eller bruk av næringsbygg på land) kan resultera i temakart som gjev tydeleg informasjon om noverande og forventa framtidig bruk. Slike kartleggingar vil vera gunstige som kunnskapsgrunnlag for vurderingar rundt endra arealbruk i sjø.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (inkludert Fusa) har utarbeidd eit kart over sjøområde der graden av konflikt grad er utgriidd på overordna nivå. Innafor desse områda signaliserast det at utviding av område til akvakultur kan skje – men det må leggjast til at alle nye areal til akvakultur i desse områda likevel må konsekvensutgreiast på kommuneplannivå.

4. INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Felles sjøområde

Bjørnefjorden er eit felles sjøområde som bind fleire kommunar saman – og der akvakultur berre er ein av svært mange interesser. Det vil vera naturleg for dei tilgrensande kommunane å samarbeide slik at forutsetningane for å drive akvakultur i fjorden vert gode for alle. Behova i oppdrettsnæringa er under stadig utvikling. Næringa har ulike utfordringar knytt til sjukdommar og produksjon i sjø og på land, og det er trong for store samanhengande akvakulturområde lenger ut i sjø for å skape fleksibilitet i drift. Fleire av dei aktuelle akvakulturområda for Fusa kommune kan koma til å liggja svært nært kommunegrensene til Os, Samnanger og Tysnes.

Ein interkommunal organisering av planarbeidet som heilskap kan by på tidkrevjande utfordringar. Kommunane er på ulike stader i prosessen med å utarbeide sine eigne kommuneplanar, og dei har organisert sine planarbeid noko ulikt i henhold til plantema. Fusa kommune har nyleg vedteke sin arealplan, medan Os og Samnanger har arealplanar under arbeid. Tysnes planlegg oppstart av arbeidet med sin arealplan nærmare 2018.

Å finna løysingar i felleskap

Fusa kommune er oppfordra frå overordna hald til å ta initiativ til eit samarbeid om ein interkommunal plan for akvakultur. Etter dialog med nabokommunane Os, Samnanger og Tysnes, oppfattar Fusa kommune at det er positive innstillingar til eit samarbeid., mein at ein interkommunal plan for akvakultur vil vera for omfattande slik vi oppfattar situasjonen no.

Fusa kommune ønskjer å involvere dei tre andre kommunane i planarbeidet, slik at løysingane vi kjem fram til kan bere preg av å vera drøfta i fellesskap, og til ein viss grad vera overførbare til nabokommunane sine planar. Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger inneheld eit stort kunnskapsgrunnlag som kan fungere som ein felles platform. Os og Samnanger er ikkje omfatta av det regionale planarbeidet, men mykje er likevel felles.

Planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 – 27

Fusa kommune ønskjer å ferdigstille ein kommunedelplan for akvakultur innan 2018, då oppdrettsnæringa i kommunen har stort behov for ein oppdatert plan for sjøområda. Akvakultur var eit av tema som vart teke opp til rullering i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen som vart vedteken i 2015. Temaet vart meir omfattande enn forutsett, og derfor teke ut før endeleg vedtak av planen.

Store deler av planprogrammet som her ligg føre vart vedteke som del av arbeidet med arealdelen tilkommuneplanen 2015 – 27. Det er mykje dei same utfordringane som gjeld for næringa i Fusa framleis.

5. ORGANISERING OG PROSESS

Etter pbl. § 3-3 har kommunestyret sjølv leiinga av den kommunale planlegginga, og organiserer arbeidet med den kommunale planlegginga etter plan- og bygningslova kapittel 10 til 12. Kommunestyret opprettar dei utval og treffer dei tiltak som er nødvendige for å gjennomføra planlegginga, og skal etablera ei særskild ordning for å ivareta interessene til barn og unge. Kommunestyret sjølv må fatta vedtak om kommuneplanen sin arealdel, herunder kommunedelplanar.

Prosjektorganisering

- Prosjekteigar/vedtaksorgan – kommunestyret
- Politisk styringsgruppe – utval for plan og miljø (UPM)
- Administrativ styringsgruppe – strategisk leiargruppe (rådmann og assisterande rådmann, einingsleiar for samfunnsutvikling) og prosjektleiar
- Prosjektleiar – arealplanleggjar
- Prosjektgruppe – plan- og bygningssjef, arealplanleggjar og rådgjevar.
- Fagleg ressursgruppe – barn og unge sin representant, kultur, folkehelse, landbruk, teknisk drift, byggesak. Gruppa vert viktig for fagleg diskusjon av plantema, og skal trekkjast inn i prosjektgruppa ved behov.

Dialog skal sikrast undervegs i prosessen. Ved orientering om planarbeidet i den politiske styringsgruppa, kan det leggjast opp til prosessvedtak for å sikre fremdrift.

Ein ønskjer god dialog og medverknad frå offentlege organ, frå fylkeskommunen som sektororgan, frå nabokommunar, organisasjonar innan akvakultur, organisasjonar innan fiskeri, næringsliv, grunneigarar, friluftsinteresser og andre.

Innspel til arealbruk

- Etter at planprogrammet er fastsett inviterer kommunen til å koma med innspel til arealbruk. Innspela bør vera i tråd med fokusområda på side 2, og med retningsliner for akvakultur på side 6.
- Etter at fristen er gått ut vert innspela handsama, og planframlegget vert utforma og lagt på høyring.

Framdrift og samarbeid

- **Utarbeiding av planprogram - Kommunedelplan for akvakultur**

Utarbeiding av utkast til planprogram for kommunedelplan for akvakultur. Dette skjer i samarbeid mellom prosjektleiar, dei ulike arbeidsgruppene og kommunestyret. Det vert behov for ekstern kompetanse for å utarbeide konsekvensutgreiing av innspel, og ved utarbeiding av plankart og føresegner.

- **Medverknad**

Informasjonsmøte sikrar medverknad og gjev informasjon før planprogrammet vert fastsett i kommunestyret. Det etablerast god dialog og leggjast opp til medverknad frå offentlege organ, frå fylkeskommunen som sektororgan, frå nabokommunar, organisasjonar innan akvakultur, næringsliv, grunneigarar, friluftsinteresser og andre.

- **Høyring av planprogram - kommunedelplan for akvakultur**

Vedtak av forslag til planprogram i Utval for plan og miljø(UPM) vert etterfølgd av vedtak i kommunestyret. Planprogrammet skal leggjast ut på høyring i minst seks veker, med varsel og kunngjering om at planarbeidet er starta opp. Høyring av planprogrammet skjer i samsvar med § 11-13 i plan- og bygningslova. Kunngjering skjer i regional avis og på heimesida til Fusa kommune.

- **Handsaming av Innspel til arealbruk**

Når planprogrammet er vedteke, startar arbeidet med innhaldet i kommunedelplanen. Det vert lagt opp til medverknad frå nabokommunar, innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv. Det vert gjennomført ei administrativ vurdering av innkomne innspel etter utarbeidde retningsliner. Innspela skal konsekvensutgreiaast.

- **Utarbeiding av planframlegg (plankart, føresegner og retningsliner)**

Det vert utarbeidd eit planframlegg som inneheld ROS-analyse og konsekvensutgreiing av kommunedelplanen. Planen drøftast i fylket sitt planforum før vi sender planen til offentleg ettersyn.

- **Høyring og offentleg ettersyn**

Høyring og offentleg ettersyn av planframlegget skjer i samsvar med plan- og bygningslova § 11-14. Eit eksemplar av planframlegget skal sendast til departementet, fylkesmannen, regional planmyndighet og aktuelle statlege myndigheter. Høyningsinstansane får planframlegget tilsendt med minimum 6 vekers høyingsfrist, og kunngjering skjer i regional avis og på heimesida til Fusa kommune.

Endeleg vedtak i kommunestyret hausten 2018.

6. FRAMDRIFTSPLAN

2016	2017	2018					
Juli 2016 – september 2017		Okt-Des	Jan-Mar	Apr- Jun	Juli-Nov		
Planprogram		<ul style="list-style-type: none"> - Administrativ handsaming - Informasjonsmøte - Høyringsfrist 09.12.2016. - Møte med næringa 04.09.2017 - Vedtak planprogram 28.09.2017. 					
Plankart, føresegner og retningslinjer							
		Innspel til arealbruk og handsaming av innspel: KU og ROS	Administrativ handsaming Ekstern kompetanse UPM				
		Utarbeidning av plankart, føresegn og retningslinjer	Prosjektleiar, ekstern kompetanse, UPM				
			Planforum	Administrasjon + politisk			
			HØYRING Handsaming av merknader Evt. implementere delplan i KPA				
Vedtak				UPM Endeleg vedtak, eigengodkjenning i kommunestyret			

Framdriftsplan - kommunedelplan for akvakultur (sist endra 08.09.2017)

Prosjektleiar/kontaktperson i Fusa kommune:

Helle H. Bruland /Arealplanleggjar Tlf.: 41617873 Epost: Helle.H.Bruland@fusa.kommune.no Web: Fusa.kommune.no